

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Utalssak
Viltnemnda i Ulvik	22.07.2026	011/26

Sakshandsamar Præstiin, Lars	Arkivsaknr 25/148
---------------------------------	----------------------

Lokal forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort

Vedlegg:

Innsendt svar på høyring_Ulvik viltnemnd

Høyringsuttale frå Vestland fylkeskommune - nye forskrifter og endringar i eksisterande forskrifter på viltområdet - Saksutgreiing (1)

Utkast - Høyringsbrev

Saksutgreiing:

Ny viltressurslov og endra forskrift om utøving av jakt, felling og fangst gjeld frå og med 01.07.2026. Lovverket regulerer mellom anna bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort.

Viltressurslova

§ 26. Bruk av synlig lys og særskilte siktemidler

Bruk av lyskilder som gir synlig lys under jakt og fangst, er forbudt, med mindre annet følger av eller i medhold av lov. Det samme gjelder bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler og andre siktemidler med teknologi som har til formål å lyse opp eller forbedre synligheten av omgivelsene eller viltet for jegeren.

Kongen gir forskrift om unntak fra forbudet etter første ledd for blant annet ettersøk av påskutt vilt, jakt på nærmere bestemte arter og når det anses nødvendig for å regulere viltbestanden i nærmere bestemte områder.

Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst

§ 29a. Tillatt bruk av synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler

4. ledd: For å avverge alvorlig skade på natur- eller samfunnsinteresser som følge av høy bestandstetthet, kan kommunen i forskrift åpne for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved jakt på hjort. Bruken av restlysforsterkende og termiske siktemidler skal

avgrenses til jakt i åpent terreng. Kommunen skal vurdere behovet for videreføring av en slik forskriftsregel hvert femte år. Kopi av vurderingen skal sendes Landbruksdirektoratet. Jegeren skal rapportere bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret.

Dette er nytt av året. Ulvik viltnemnd må no vurderer, om det skal opnast for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemiddel gjennom slik kommunal forskrift. Eventuell forskrift må vedtakast av heradsstyret.

Vurdering:

Då forskriftsendringa var på høyring tidlegare i år, ga Ulvik viltnemnd og mange andre instansar uttale til endringa. Ulvik viltnemnd sin uttale og uttale frå Vestland fylkeskommune ligg vedlagt. No som forskriftsendringa er vedtatt og gjort gjeldande, må Ulvik tilpasse seg dette.

Termiske og restlysforsterkende siktemiddel, brukt med vett, er nyttige reiskap for presis og effektiv jaktutøving. Bruken av termiske hjelpemiddel er lite kontroversielt, og har i følge undersøkingar gjort av Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) vore kraftig aukande dei siste åra. Stortinget bad i sitt anmodningsvedtak nr. 746 regjeringa om raskt å utforme ein forskrift, som vidareførte høvet til å bruke termiske sikte til bruk på hjortejakt.

Departementet legg vidare til grunn at det er behov for meir effektiv og målretta jakt i område med høg bestandstettleik, der hjorten medfører alvorleg skade på jord- og skogbruk, trafikktryggleik eller dyrehelse. Og, i følge den nye strategien for forvaltning av hjortevilt, bør ny teknologi takast i bruk for å nå visjonane og målsettinga i hjorteviltforvaltninga.

På Vestlandet har høge bestandar over tid ført til store skader på skog og innmark, fallande bestandskondisjon og eit høgt tal trafikkulukker med hjort. Vestland fylkeskommune peikar dessutan på at ein stor del av det årleg uttaket av hjort her skjer på innmark som skadeførebyggjande tiltak, og at termiske/restlysforsterkende siktemiddel, ved rett bruk, kan bidra til positiv dyrevelferd.

Ulvik ligg dessutan i randsona til Nordfjella og Hardangervidda, der Miljødirektoratet, Mattilsynet og Landbruksdirektoratet samstemt oppmodar kommunane til å reduserer bestandane av hjort, for å reduserer risikoen for spreing av CWD.

Fellingstala og sett-hjort-statistikken er våre beste verktøy for estimering av bestandstettleiken. Fram til fjor årets jakt peikte alle pilar berre opp over. Jaktåret 2024/2025 ble eit førebels toppår med 122 felte dyr. Med fjoråret falt både fellingstala og sett-hjort-indeksen for fyste gong på fleire år, slik at dei no speglar 2021 nivået. Men 1 år med nedgang er for lite til å seia noko sikkert om bestandsutviklinga. Mykje av nedgangen kan kanskje like gjerne skullast vêr-/klimatilhøve, jegertrøttleik eller fulle fryseboksar. Og, det er uansett lang veg igjen til målet om halvering av bestanden i forhold til 2016 nivået eller målet om maksimalt 1 hjortedyr på km² (eller mindre enn 0,5 sett hjort per jegerdag) som er tilrådinga frå statleg hald.

På den bakgrunn vurderast opning for bruk av termiske og restlysforsterkende siktemiddel som eit høgst aktuelt verkemiddel i den lokale hjorteviltforvaltninga.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen nemneverdige.

Klima-/miljøkonsekvensar:

Ingen direkte. Men ein håper at ei presis, kunnskapsbasert og målstyrt hjorteforvaltning kan bidra til meir miljø- og klimarobuste hjortebestandar.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ulvik viltnemnd sender fylgjande utkast til forskrift på høyring:

Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Ulvik herad, Vestland

Heimel: LOV-2025-06-20-102-§26 og FOR-2002-03-22-313-§29a

§ 1 Opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel

Det er opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved ordinær jakt på hjort i ope terreng, i Ulvik herad.

§ 2 Formål

Formålet med forskrifta er å leggje til rette for effektiv bestandsregulering av hjort for å avverje skade på natur- og samfunnsinteresser.

§ 3 Rapporteringsplikt

Jegerar skal rapportere bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel, ved felling av hjort, i Hjorteviltregisteret.

§ 4 Verknadsdato

Denne forskrifta trer i kraft XX.XX.2026. Forskrifta gjeld i 5 år frå verknadsdato.

...

Høyringsfristen er 6 veker frå publisering.

22.07.2026 Viltnemnda i Ulvik

Røysting per e-post.

VIL - 011/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Ulvik viltnemnd sender fylgjande utkast til forskrift på høyring:

Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Ulvik herad, Vestland

Heimel: LOV-2025-06-20-102-§26 og FOR-2002-03-22-313-§29a

§ 1 Opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel

Det er opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved ordinær jakt på hjort i ope terreng, i Ulvik herad.

§ 2 Formål

Formålet med forskrifta er å leggje til rette for effektiv bestandsregulering av hjort for å avverje skade på natur- og samfunnsinteresser.

§ 3 Rapporteringsplikt

Jegerar skal rapportere bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel, ved felling av hjort, i Hjorteviltregisteret.

§ 4 Verknadsdato

Denne forskrifta trer i kraft XX.XX.2026. Forskrifta gjeld i 5 år frå verknadsdato.

...

Høyringsfristen er 6 veker frå publisering.